



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Arne Manger

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2287 - 16/708

Saksbehandlar:
Kristine Skaiaa Born
kristine.born@radoy.kommune.no

Dato:
18.01.2016

Landbruksak Gbnr 46/8 Manger øvre - Nydyrkning - godkjenning av plan

Delegasjonssak nr.: 018/2016

Saksutgreiing:

Me viser til søknad motteke 18.11.2015

Det er søkt om å nydyrke eit 26,5 daa stort areal nord på gbnr 46/8. Arealet som dyrkes opp er arealklassifisert som 17,3 overflatedyrket areal, 2,1 daa innmarksbeite, 6,1 daa myr og 1 daa særskilt bonitets skog. Opparbeidning av arealet er for å auke arealet med fulldyrka jord på eigedommen opp mot kravet (250 daa) for ei mjølkekvote på 300 tonn, som ein del av utviklinga av garden.

Arealet har tidligare vore nytta som beitemark og skal i etterkant av tiltaket sås og haustes som slåttemark. Dette vil gje ein auke i mogleg utnyttelsesgrad av eigedommen og ein klar økonomisk auke. Det er vinter 2015 opparbeidet landbruksveg langs nordøstre grensa av eigedomen.

Det er vedlagt kart med opptegnet grøftesystem, kanal og jorddekte veger. Det skal lages 2 landbruksveger (kl. 7) til bruk i anleggsfasen. Disse vil bygges under pløyedjupne og dekkes til med jord ved ferdigstilling av arbeidet. Etter tiltaket er tilsådd vil vegene være trygge kjørespor for våte perioder.

Naturmiljø

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Det er ikkje kjende registreringer lokalt av viktige naturtypar i planområdet. I nærleiken av området er det registrert både storspove(2009), gulspurv(2011) og åkerrikse(2015). Som kulturtetinga arter vil desse trolig påverkes lite av tiltak i etterkant, men i anleggsfasen kan det være noe fortrenging til andre områder. Det er viktig å ta omsyn til desse artene ved val av tidspunkt for anleggsarbeid. Dei hekker alle mellom april og august. Kommunen har ikkje annen kjennskap til at det finns nokon i eller rundt det omsøkte tiltaket.

Det skal dyrkast opp 6,1 daa med myreal. Dette er ein liten myrteig omgitt av beite/slåttemark som tidligare og har vore beita. Myr har mange viktige økosystemfunksjoner og er habitat for mange arter. Omsirklet av beitemark og med større myrområder innover vil effekten av oppdyrkninger her troleg vere liten.

Kulturminne

Saka vart send til Hordaland fylkeskommune for uttale om kulturminner 18/12/2015. Fråsegn frå fylkeskommunene lyder: «Viser til brev datert 18.12.2015 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt innan kulturminnevern. Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Vedtak

Arne Manger får løyve til å nydyrke som omsøkt på gnr/bnr 46/8 i Radøy kommune.

Vilkår for løyve:

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeidet må alt arbeid stoggast, og Hordaland fylkeskommune varslast (Telefon 55 23 90 00).
- Det skal berre nyttas reine jord- og steinmasser. Kvart lass skal så langt så rå er vere dokumentert.
- Tiltaket er godkjent som skissert i vedlagt kart med 2 midlertidige landbruksveger.
- Tiltaket skal sås i så snart det er teknisk mogleg.
- Anleggsarbeid skal utførast slik at det er minst mogleg skjemmande og at omsyn til natur, miljø og kulturverdier ivartas i høyest mogleg grad.

Vedtaket er gyldig til 30.01.2018

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt rådgjevar landbruk Kristine Skaiaa Born.

Med helsing

Toril Marie Mulen
leiar

Kristine Skaiaa Born
rådgjevar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Arne Manger